

 HELSE BERGEN Haukeland universitetssjukehus	Prevalensundersøking av helsetenesteassosierte infeksjonar (HAI) og antibiotikabruk
Kategori: Pasientbehandling/Smittevern	Gyldig fra/til: 05.08.2019/[]
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Fellesdokumenter/Pasientbehandling	Versjon: 5.00
Godkjenner: Dorthea Hagen Oma	Standard
Dok. ansvarlig: Unni Fosse	Dok.id: D00519

Prevalensundersøking er ei tverrsnittundersøking der talet på helsetenesteassosierte infeksjonar vert registrert i forhold til antal inneliggjande pasientar på eitt bestemt tidspunkt. Registreringsmetoden er velegna for å skaffa seg eit overblikk over infeksjonsforekomsten ved ein helseinstitusjon, utan å nytte store ressurser. Gjentekne undersøkingar med same metode er nødvendig for å få eit talmateriale som er påliteleg. Sjukehus er pålagt å delta i dei nasjonale prevalensundersøkingane.

Prevalensdata vert nytta som ein av fleire nasjonale kvalitetsindikatorar, og er tilgjengeleg på Helsedirektoratet sine nettsider – [Forekomst av helsetjenesteassosierte infeksjoner i sykehus](#). Resultata kan ikkje utan vidare brukast til å samanlikna sjukehus, då det er skilnad mellom sjukehus i høve behandling av infeksjonsmottakelege pasientar.

Praktisk gjennomføring

I Helse Bergen vert undersøkinga utført fire gonger i året etter [mal frå Folkehelseinstituttet](#). To av undersøkingane er obligatoriske og vert rapportert til Folkehelseinstituttet. Alle somatiske avdelingar med inneliggjande pasientar skal delta.

Helsetenesteassosierte infeksjonar som vert overvaka:

- urinvegsinfeksjon
- nedre luftvegsinfeksjon
- infeksjon i operasjonsområdet
- blodbaneinfeksjon

I Helse Bergen vert også antibiotikaassosiert diare og andre helsetenesteerverva infeksjonar overvaka.

Overvaking av systemisk antibiotikabruk skal gjennomførast i samband med alle fire prevalensundersøkingane.

Ansvar

Seksjon for pasientsikkerheit, Smittevern

- Informasjon til avdelingsleiarar per e-post om
 - dato for infeksjonsregistrering,
 - informasjon om praktisk gjennomføring av registreringa
 - link til registreringsbiletet samt periodepassord den dagen registreringa skal utførast.
- Kvalitetssikrar data
 - Kontrollerer om infeksjonane som er registrert er i samsvar med kasusdefinisjonane
- Rapportering
 - Eksternt til Folkehelseinstituttet
 - Internt til avdelingsleiarar og rapporten vert publisert på Helse Bergen sitt intranett: [Infeksjonsregistrering](#).

Avdelingsleiing

- Ansvar for at registreringa blir utført på sin avdeling.
- Formidla resultata av registreringane til sine tilsette

Sjukepleiar og lege som har ansvar for registreringa på post

- Utføra elektronisk infeksjonsregistrering av alle inneliggjande pasientar i henhold til gjeldande epidemiologiske definisjonar.
- Utføra registrering av systemisk antibiotikabruk.

Eksterne referansar/Forankring

1. [Forskrift om smittevern i helse- og omsorgstjenesten](#). 2005.
2. [Forskrift om Norsk overvåkingssystem for antibiotikabruk og helsetjenesteassosierte infeksjoner \(NOIS-registerforskriften\)](#). 2005
3. Folkehelseinstituttet. Internettside: [Prevalensundersøkelser av helsetjenesteassosierte infeksjoner og antibiotikabruk i sykehus og rehabiliteringsinstitusjoner - NOIS-PIAH](#)
4. Folkehelseinstituttet. Internettside: [NOIS kasusdefinisjoner](#).